

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/5806-1

**Kontrollutvalet - Budsjett 2016/økonomiplan 2016 - 2019****Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2016/økonomiplan 2016 – 2019 for 410 Kontrollutval

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2015	Netto - budsjett 2016	Netto - budsjett 2017	Netto - budsjett 2018	Netto - budsjett 2019
110/41001	Kontrollutvalet	664 225	727 000	680 000	630 000	630 000	630 000
110/41002	Sekretariatet	1 067 017	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000
110/41003	Tenestekjøp	2 237 653	2 307 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000
<b>SUM – 410 Kontrollutval</b>		3 969 625	4 110 000	4 168 000	4 118 000	4 118 000	4 118 000

2. Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

**SAKSFRAMSTILLING**


---

**1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett/økonomiplan for 410 Kontrollutval. Denne tilrådinga vert sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkesutvalet sitt samla framlegg til budsjett/økonomiplan. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til fylkestinget.

Grunnlaget for denne saka er vedtaket i fylkestinget i FT-sak 26/15, økonomiplan 2016 - 19. Utgangspunktet for eventuelle omprioriteringar vil vere gjeldande fordeling i høve til budsjettlogg for 2016-19, som for 410 Kontrollutval viser:

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Revidert budsjett 2015	Netto - budsjett 2016	Netto - budsjett 2017	Netto - budsjett 2018	Netto - budsjett 2019
110/41001	Kontrollutvalet	727 000	680 000	630 000	630 000	630 000
110/41002	Sekretariatet	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000
110/41003	Tenestekjøp	2 307 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000
<b>SUM – 410 Kontrollutval</b>		<b>4 110 000</b>	<b>4 168 000</b>	<b>4 118 000</b>	<b>4 118 000</b>	<b>4 118 000</b>

Kontrollsjefen utarbeider budsjettforslag for 410 Kontrollutval, som omfattar budsjettmidlar for kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Budsjettforslaget vert lagt fram som sak for kontrollutvalet. Etter handsaming i kontrollutvalet vert budsjettet lagt inn i budsjettsaka som administrasjonen utarbeider til handsaming i fylkesutvalet, og til slutt fylkestingshandsaming.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Det er viktig å innleiingsvis gjere merksam på at kontrollutvalet har eit oppdrag frå fylkestinget om å sjå til at den fylkeskommunale forvaltninga vert gjenstand for trygg kontroll og revisjon. Dette oppdraget medfører eit ansvar som er uavhengig av den økonomiske utviklinga for fylkeskommunen. Grunnlaget for oppdraget er fylkeskommunen sitt ansvar for tenester til innbyggjarane i fylket.

Ut frå eit kontrollsynspunkt er det naturleg å vurdere risikoen for at feil oppstår i den fylkeskommunale forvaltninga til å bli høgare når eit lågare inntektsnivå skal ligge til grunn for å få utført om lag same oppgåver som tidlegare. Det er vidare naturleg å vurdere auka kontrollinnsats når risikoen vert høgare. Det er med andre ord ikkje naturleg å redusere kontrollinnsatsen når risikoen aukar som følgje av innsparingar i forvaltninga.

Kontrollutvalet gjorde ei vurdering av ein del område for innsparing i KU-sak 35/14, og utvalet vedtok å få utgreidd ti område for moglege innsparingar for kontrollutvalet dei næraste åra. Vurderingane vart lagt fram for kontrollutvalet i KU-sak 59/14, der utvalet gjorde slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet går inn for å redusere budsjetttrammene åra 2016 – 2019 for programområde 410 Kontrollutval slik:*

År	Reduksjon
2016	- Kr. 517 000
2017	- Kr. 417 000
2018	- Kr. 417 000
2019	- Kr. 417 000

2. *Storleiken på innsparinga er med atterhald om at utvalet i framtida skal bestå av fem medlemar, jamfør vedtak i KU-sak 52/14. Kontrollutvalet legg til grunn at leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget.*
3. *Kontrollutvalet fordeler innsparinga innan eige område, og melder inn fordelinga til budsjettgruppa*
4. *Utvalet sitt vedtak vert lagt som vedlegg til fylkestinget sin handsaming av budsjettsaka desember 2014.*

Saksframlegg og saksprotokoll frå KU-sak 59/14 låg som vedlegg i FT-sak 26/15, der fylkestinget handsama økonomiplan 2016 – 2019.

Desse innsparingane er medrekna i grunnlaget for ramma som er utgangspunktet for tabellen i tilrådinga i denne saka. Ramma som er utgangspunkt for reduksjonen var på kr. 4 685 000. Med ei innsparing på kr. 517 000 vert budsjett for 2016 på kr. 4 168 000. Ramma var fordelt slik:

Ansvar	Funksjon	Ramme i	Endring i	Budsjett
--------	----------	---------	-----------	----------

		<i>budsjettlogg 2016</i>	<i>budsjett 2016</i>	2016
110	41001 Kontrollutvalet	977 000	- 297 000	680 000
110	41002 KU sitt sekretariat	1 076 000	0	1 076 000
110	41003 Kjøp av tenester	2 632 000	-220 000	2 412 000
	<b>Sum</b>	<b>4 685 000</b>	<b>-517 000</b>	<b>4 168 000</b>

I 2014 fekk fylkeskommunen tilbakeført 318 000 kroner frå SF revisjon IKS. Dette beløpet gjekk med til å redusere budsjettet det året slik at totalbudsjettet for kontrollutvalet 2014 vart på 4 132 000 kroner. Opphavig var budsjettet på 4 450 000 kroner.

Fylkestinget vedtok i FT-sak 50/14 å redusere kontrollutvalet sitt budsjett for 2015 med 300 000 kroner. Denne reduksjonen kom i tillegg til at utvalet sjølv hadde redusert eige budsjett med 125 000 kroner, slik at samla reduksjon i budsjett 2015 for kontrollutvalet vart på 425 000 kroner. 2015-budsjettet er på 4 110 000 kroner.

#### **Ansvar 110, Funksjon 41001 - Kontrollutvalet**

Det er teke utgangspunkt i budsjettlogg 2016 ved utarbeiding av budsjettet for 2016. Det er gjort endring i godtgjersle til medlemmane i høve til notat frå fylkesrådmannen "Godtgjersle til folkevalde – Endring frå 01.01.15". Justering av aktivitet er basert på erfaring frå dei siste åra i tillegg til ny konstallasjon der kontrollutvalet sin leiar og nestleiar skal veljast frå fylkestinget. Dei resterande tre medlemmane i kontrollutvalet får ikkje godtgjersle for å stille på fylkestinget frå 2016. Dette vedtok fylkestinget i FT-sak 39/14. Pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift er berekna etter gjeldande regelverk. Det er avgjerande for eit godt kontrollutval å få tilbod om god opplæring. Kontrollutvalet vurderte behovet for opplæring i saka om reduksjon i ramma for utvalet. Denne posten i er budsjett for 2016 redusert med 100.000 kroner - frå 150. 000 kroner til 50. 000 kroner. Dette resulterer i ei total innsparing for funksjon 41001 på 297 000 kroner.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for kontrollutvalet for 2016/økonomiplan 2016 - 2019:

<b>Kontrollutvalet</b>	<b>Rev. Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Løn- og personalkostnader	460 500	381 000	381 000	381 000	490 500
Sum varer og tenester	323 500	249 000	249 000	249 000	323 500
Opplæring nytt utval		50 000			
<b>41001 - kontrollutvalet</b>	<b>727 000</b>	<b>680 000</b>	<b>630 000</b>	<b>630 000</b>	<b>630 000</b>

#### **Ansvar 110, Funksjon 41002 - Kontrollutvalet sitt sekretariat**

Budsjettet for sekretariatet er ei vidareføring av revidert budsjettet for 2015. Innsparingar i samband med sekretariatet vil visast ved at fleire oppgåver i framtida vert lagt til denne eininga, noko som kan forsvarast ut frå effektiviseringsgevinstar i utføring av dagens oppgåver.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for sekretariatet for 2014/økonomiplan 2014 - 2017:

<b>Sekretariat for kontrollutvalet</b>	<b>Rev.budsj. 2015</b>	<b>Budsjett 2014</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>
41002 - sekretariatet	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000

#### **Ansvar 110, Funksjon 41003 - Kjøp av tenester**

Kontrollutvalet skal som ein av sine oppgåver kjøpe revisjonstenester på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Revisjonstenestene omfattar både finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Budsjettpost for kjøp av revisjonstenester vert i neste års budsjett, som i 2015, delt i to.

#### **A. Finansiell revisjon og selskapskontroll i.h.t selskapsavtalen med SF revisjon IKS**

Selskapsavtalen for SF revisjon IKS regulerer kva eigarane skal betale for finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag til selskapet.

Innspel frå SF revisjon IKS (Samtale med dagleg leiar i selskapet 12. august 2015) tilseier ein kostnad til finansiell revisjon og selskapskontroll på om lag kr. 1 627 500 for 2016. I tillegg vil ein få prisauke i høve til pris/lønsvekst elles. Dette talet er noko usikkert fram til budsjettet for SF revisjon vert endeleg vedteke av representantskapet. Det vil sannsynlegvis skje i løpet av september/oktober.

### B. Forvaltningsrevisjon

I følgje merknaden til § 9 i forskrift for kontrollutval har fylkestinget ansvar for å stille dei nødvendige budsjettmidlar til rådvelde slik at kontrollutvalet kan gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Ny rammeavtale med Deloitte AS for kjøp av forvaltningsrevisjonstenester kom på plass i 2013, og var gyldig til 31. mai 2015. Fylkestinget vedtok å forlenge avtalen med 2 år i FT-sak 8/15. Avtalen gjeld etter dette fylkestingsvedtaket til 31. mai 2017.

### Oppsummering Kjøp av tenester

Kontrollutvalet har for 2015 hatt ei ramme på 2 307 000 kroner til kjøp av revisjonstenester. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å budsjettere kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2016 med 1 627 500 kroner. (NB! Atterhald om at budsjettvedtak i representantskapet) og kjøp av forvaltningsrevisjon for 784 000 kroner. Dette er ei stram ramme for gjennomføring av revisjon, men kontrollsjefen er av den oppfatning at kontrollutvalet med å nytte ramma optimalt bør få revidert forvaltninga i fylkeskommunen i 2016 på ein god måte, med dei atterhald som er nemnt i saksutgreiinga.

Sekretariatet foreslår følgjande budsjett for kjøp av tenester for 2016/økonomiplan 2016 - 2019:

Kjøp av tenester	Revidert budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
A. Finansiell revisjon og selskapskontroll	1 627 500	1 627 500	1 627 500	1 627 500	1 627 500
B. Forvaltningsrevisjon	679 500	784 500	784 500	784 500	784 500
<b>SUM Kjøp av tenester</b>	<b>2 307 000</b>	<b>2 412 000</b>	<b>2 412 000</b>	<b>2 412 000</b>	<b>2 412 000</b>

## 3. Konklusjon/tilråding

### Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-2019:

Forventa framtidige rammer i økonomiplanperioden vert det same som budsjettet for 2016 med dei justeringar som er føreslegne i budsjettsaka for kontrollutvalet.

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2015	Netto - budsjett 2016	Netto - budsjett 2017	Netto - budsjett 2018	Netto - budsjett 2019
110/41001	Kontrollutvalet	664 225	727 000	680 000	630 000	630 000	630 000
110/41002	Sekretariatet	1 067 017	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000	1 076 000
110/41003	Tenestekjøp	2 237 653	2 307 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000	2 412 000
<b>SUM – 410 Kontrollutval</b>		<b>3 969 625</b>	<b>4 110 000</b>	<b>4 168 000</b>	<b>4 118 000</b>	<b>4 118 000</b>	<b>4 118 000</b>

Dette budsjettet 2016/økonomiplanen for perioden 2016 – 2019 vert kontrollsjefen si tilråding til vedtak.

Ramma vert justert for eventuell pris- og lønsvekst som vert gjort kjent i samband med statsbudsjettet som vert lagt fram i oktober.

Dersom kontrollsjefen ser behov for justeringar i 2016 vil vi kome med disse i samband med tertialrapportering.